

# ARBEIDSARK 4

## OPPTAK OG KLIPP

Nå har de laga eit enkelt manuskript som inneheld maks 3 replikkar på maks 3 sider. Nå er de klare til å ta opp filmen dykkar.

Her er tre gode råd til opptaka:

1. Hald telefonen vassrett, slik at opptaka får eit meir filmaktig preg
2. Hugs å ta nærbilete, slik at vi kjem tett på personane dykkar og kan sjå kjenslene deira
3. Flytt på kameraet, slik at filmen blir dynamisk og ikkje kjem til å verke stillestående

Ha det gøy med filminga!

### TIPS OG IDEAR


#### TRE GODE RÅD TIL KLIPPING

Når de legg inn innspelingane i riktig rekkjefølgje på tidslinja i redigeringsprogrammet, tenk òg på klippertyme - kor lange eller korte skal dei einkilde innspelingane vere? Kva skapar maksimal uhyggje i nettopp dykkar opptak?

Viss de arbeider med kryssklipping, så tenk over om de òg skal auke klippehastigheita, jo nærmare vi kjem det at dei ulike handlingstrådane møter kvarandre.

Bruk god tid på lydarbeidet - tenk på å både bruke reallyd, lydeffektar og musikk! De må hugse å justere lydnivåa i forhold til kvarandre og sikre at det samla lydnivået i scena dykkar er konstant - det gjeld òg utover dei forskjellige klippa i filmen.

Vi foreslår at de klipper scena dykkar i eit program de kjenner frå før. Når de er ferdige med å klippe, skal de laste opp grøssar-scena dykkar på [www.nordeniskolen.org](http://www.nordeniskolen.org)



**VALFRI OPPGÅVE:**

Viss de har moglegheit til det, kan det vere ein god idé å arbeide ekstra med heimelaga lydeffekter. Det kan gjere grøssar-scena dykkar ekstra creepy.

